

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

Dato: 14.06.2019  
Vår ref.: 2019/12418-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg – gnr. 43, bnr. 7 - Ryland - Meland kommune

Me viser til brev datert 03.06.19 med vedlegg. Saka gjeld bygging/utviding av landbruksveg i vegklasse 7 på ca. 99. meter. Kommunen opplyser om at veggen skal nyttast i samband med jordbruk, skogbruk og gardsturisme. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut vårt arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminner knytt til den planlagde trasèen. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at me har fått melding om mogelege funn.

Me ynskjer i tillegg å informere tiltakshavar/grunneigar om at Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservator også skal varslas om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova. Varselet skal innehalde følgande informasjon:

- **Gnr – Bnr – kommune**
- **Kart over hogstområde og eventuelle planlagte driftsvegar, velteplassar, m.m.**
- **Info om eventuelt kjende kulturminneverdiar i området.**
- **Planlagt oppstartsdato**
- **Kontaktperson - e-post og organisasjonsnummer**

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*